



Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2017

med vedlegg om høringsfråsegner og medieoppslag m.v.

1. Innleiing

KVA OG KVEN ER FNF?

Forum for natur og friluftsliv, FNF, er eit samarbeidsforum for natur- og friluftorganisasjonane på fylkesnivå. Det er ingen lokale FNF i Sogn og Fjordane. FNF har som føremål å ivareta natur- og friluftinteressene i aktuelle saker i fylket.

HOVUDMÅL

FNF skal bidra til samarbeid mellom organisasjonane på fylkesnivå om aktuelle saker og aktivitetar i alle kommunane i fylket og støtte organisasjonane i å aktivt ivareta natur- og friluftinteresser i fylket.

ARBEIDSOPPGÅVER 2017, etter årsplan 2017

- Oppmuntre til samarbeid på tvers av organisasjonane i samband med kurs, plan- og høyringsarbeid, aktivitetar og arrangement.
- Oppfølging av areal- og andre aktuelle planar i kommunane og fylkeskommunen, hjå nve, statnett o.l.
- Gje organisasjonane varsel om planarbeid. Passe på tidsfristar og varsle lag/organisasjonar.
- Få organisasjonane til å rette merksemd mot område som natur- og kulturlandskap, vindkraft, vasskraft, kraftlinjer, vegbygging, utbygging av våtmarker, miljøreining, kulturminne og viktige område for friluftsliv.
- FNF kan skriva høyringsfråsegn på vegne av dei organisasjonane, to eller flere, som i kvart tilfelle gir si tilslutning til dette. Tilslutning til uttale gir og støtte til vidare offentleg og politisk arbeid knytt til saken.
- Bruke aktuelt lovverk aktivt som Naturmangfaldslova NML, Plan- og bygningslova PBL, Friluftsløva, Ureiningslova (Forurensningsloven) m.fl. Og internasjonale avtaler som t.d. Bonnkonvensjonen, Eurobats, m.fl.
- Vere observant på motorisert ferdsel, forsvare det tradisjonelle friluftslivet med stillheit og ro som viktige verdier.

- Verne om allemannsretten og informere om rettane og pliktane. Delta i partner(brukar)gruppe i FOU-prosjekt eigd av Sogndal kommune med Vestlandsforskning som prosjektleiar, for å utvikle ein forvaltningsplan for sambruk av utmark.
- Vere med å ta vare på strandsona og kystlandskapet, nytte strandsonerettleiaren og den Europeiske landskapskonvensjonen.
- Halde kontinuerleg kontakt med fylkeskommunen og vere eit bindeledd mellom denne og organisasjonane.
- Gjere FNF kjent blant kommunane i Sogn og Fjordane.
- Halde fellesmøte og årsmøte for organisasjonane.
- Vere synlege i media. FNF og organisasjonane har ei rolle for å vere opplysende!
- Gjere organisasjonane merksame på kurs og seminar som kan auke kompetansen og vere felles samlingspunkt for organisasjonane.
- Ha fokus på friluftsliv som verdi for folkehelse og folkehelsearbeid.
- Oppmode fylkeskommunen til å søke midlar om og å sette i gang arbeidet i kommunane med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde.
- Oppfordre kommunane til kartlegging av stiar og snøggvegar i nærområda, og sikre desse ved nye utbyggingar.
- Arbeide for merking og rydding av stiar og snøggvegar i nærområda og skilting av turløyper frå sentrum.
- Stimulere til friluftsliv for alle. Vere med å bidra til auka fokus på og god breidde i arrangement i Friluftslivsmoro og Friluftslivets veke 2016.
- Politisk arbeid knytt til natur og friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse. Koordinator kan legge til rette for politiske møte mellom organisasjonane og relevante politikarar.
- Arbeide for å få oppretta friluftsråd i Sogn og Fjordane via regionråda og SFFK.

UTVIKLING, RESULTAT OG UTFORDRINGAR

Utviklinga er stabil, 1 tilsett i ein fast, full stilling 100% , redusert til 90 % i 2017 grunna 10 % permisjon. Tilsett 1 person i 50 % prosjektstilling i 2017, framhald med atterhald om ny løyving dvs nye prosjektmidlar.

FNF har vore leigd inn av Sogn og Fjordane fylkeskommune for å koordinere arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftsområder i kommunane.

FNF og dei største organisasjonane i fylket har fått økonomisk grunnstøtte av ulik storleik frå fylkeskommunen etter søknad, til å styrke sitt arbeid. Naturvernforbundet har hatt fast grunnstønad i tre år, og vil søke om vidareføring av denne. Grunnstøtta frå fylkeskommunen til organisasjonane har lege fast, medan det har vore stans utan svar på søknadar om framhald av utviklingsavtaler.

Organisasjonane er godt representert i regionalt planarbeid, både gjennom FNF og med eiga deltaking. Kontakten mellom fylkeskommunen, FNF og organisasjonane har vore god. Omorganisering i FK i høve friluftsliv har også kravd nyetablering av kontaktar og samarbeid. FNF i lag med de største organisasjonane har hatt tre møter med FK i 2017 i høve samarbeid, økonomisk støtte og avtaler. FNF søkte fylkeskommunen om støtte til drift med kr.180.000 og løn kr.100.000, der søknad om støtte til drift fekk løyving.

FNF har bidrege til samarbeid mellom organisasjonane for rekruttering til friluftsliv gjennom fellesarrangementet Friluftsmoro 2017, eit framhald frå samarbeidet i Friluftslivets År 2015. Søknad om aktivitet «Friluftsmoro 2017» på kr.87.500 via Miljødirektoratet søknadssenter vart innvilga og nytta til samarbeidstiltak og opne aktivitetsarrangement rundt i fylket som organisasjonane stod for, medan FNF koordinerte og annonserte. Målet er å nå fram til fleire, spesielt born, unge og familiar med opne breiddearrangement.

FNF deltek i regionalt Forum for fysisk aktivitet, i lag med FK (ansvarleg), FM og Idrettskrinsen, om oppfølging av handlingsdelen i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I 2017 vart det helde eitt møte i forumet. Målet er eitt til to møte i året.

FNF deltek i lag med FK og Idrettskrinsen på dialogmøter i kommunane i høve revisjon av kommundelplanane for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Møta er todelte, eit på dagtid med administrasjonen og tilsette som har ulik tilknytning til feltet fysisk aktivitet, og på kveldstid med friviljuge frå lag og organisasjonar. Målet er å få fram auka engasjement og ulike tiltak.

FNF er engasjert av Sogn og Fjordane fylkeskommune til å koordinere arbeid med å få kommunane til å kartlegge og verdsette sine friluftslivsområde. Som eit av dei to siste fylka i landet starta SFFK i gang prosjekt med midlar frå Miljødirektoratet i 2016 og leigde FNF inn som prosjektkoordinator for arbeidet. FNF er leigd inn til prosjektkoordinering av SFFK tilsvarande 40% stilling sidan 1.august 2016. Målet var å få tilsett i ein i prosjektstilling til denne dato. Dette vart uønskt utsett til hausten 2016 med tilsetning 1.1.2017 grunna virksomhetsoverdraging nasjonalt. Meirbelastning av dette tilfell koordinator, som søkte redusert stilling i 2017 for å halde fram i arbeidet utan sjukmelding.

FNF har levert fråsegner i lag med fleire av organisasjonane i mange saker og elles i samarbeid med enkeltorganisasjonar og andre FNF. Organisasjonane, sett under eitt, tek tak i svært mange saker, både på eiga initiativ og etter oppmoding/med informasjon frå FNF. Samfunnsengasjementet er stabilt totalt sett innan FNF, men her trengst og rekruttering. Engasjement og forståing for arbeidet med arealsaker kan enno bli sterkare i fleire organisasjonar i fylket og lokalt. Arbeidet med å få fleire tilslutta organisasjonar held fram. Der det manglar fylkesledd vert det ein ekstra utfordring både for FNF og lokallag/-miljø som tek eit fylkeskoordinerande ansvar. Vi kan gjerne auke fokus og innsats knytta til aktuelle samlingar for å styrke samarbeidet mellom desse laga/miljøa som t.d Kystlaga 6-7 i fylket, padleklubbane/-miljøa omlag 4 i fylket og klatreklubbane med lokale 6-7 miljø. Nokre av desse er felles- og nokre er enkeltvis tilslutta FNF. FNF har også i år samarbeid med ikkje tilslutta organisasjonar i enkelte aktuelle saker og samarbeid om aktivitetsretta arrangement knytt til Friluftsmoro og Friluftslivets veke.

Utoverretta arbeid i media og informasjon om FNF ut i kommunane har vorte styrka. Aktivitet i media har auka monaleg sidan 2016. I travle periodar med mange saker er tid ei utfordring. Saker til media må kortfattast og helst oppsummerast i pressemelding for å nå fram. I tillegg er det vanskeleg å få regionale og lokale media til å ta saker om naturverdiar og friluftsliv på alvor. Vi opplever stadig dårleg og manglande presseetikk i fylket i høve slike saker. Kortare informasjon om aktuelle saker og samandrag av høringsfråsegn og innspel vert tidvis sendt ut i media, men ikkje alle saker som vert sendt til media vert kunngjorde.

Vi opplever å få tilsendt fleire saker direkte frå fleire kommunar, men ikkje frå alle og det tek tid å få oppretta god kontakt og gjensidig kjennskap i alle 24 kommunane. Planforum i fylket oppmodar kommunane om å sende aktuelle plansaker til FNF. Samarbeidet med FK om aktiv deltaking på revisjonsmøter i kommunane, deltaking på FK-samlingar, samt arbeidet med prosjektkoordinering av arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunane styrkar kontaktnett og kjennskap mellom desse og FNF.

Det har vore ein stor nedgang i tal søknadar om nye småkraftverk og store vasskraftverk i 2017 enn åra før sidan tida for å nå grøne sertifikat er knapp og lønsemda går ned. Fleire søknader om småkraftverk har fått avslag pga landskap og friluftsliv, samt at nokre av dei dårlegaste prosjekta har vorte teke tidleg ut av systemet av NVE. I NVE sin oversikt er no 32 saker innanfor tiltak i vatn og vassdrag, kraftliner (5) og vind (2) under handsaming i fylket ved utgangen av året, mot 40 i fjor.

OED innstilte på konsesjon for Bremangerlandet, sjølv om NVE hadde innstilt på avslag. Guleslettene vindkraftanlegg har fått konsesjon i OED, der utbyggar no endrar planane til det vesentleg verre. Utbygginga er so langt lågare enn konsesjonstildelinga. To andre vindkraftkonsesjoner ligg til behandling i NVE.

Ei viktig oppgåve er stadig å vidareutvikle samarbeidet med og mellom organisasjonane for å arbeide breiare med å ta vare på vilkåra for friluftslivet. Viktige natur-og friluftsområde er for tida pressa frå mange kantar. Å finne fram til nye og fleire aktive i organisasjonane som vil og kan engasjere seg og som

også kan skrive er ein utfordring. Mange saker og mange saksområder, samt auka involvering i offentlege planprosessar inkl vassforvaltninga er ofte krevjande for dei tillitsvalde.

2. Saker

VIKTIGASTE SAKER

Via Ferrata-anlegg har vore aktuelt i år også, og vi har hatt mang ein offentleg debatt om tema og bruken av plan- og bygningslova i slike saker og kor det ikkje er greitt å byggje ut slike anlegg.

Via ferrata anlegg i nasjonale fjell, ikonfjell, på stader i konflikt med etablerte klatreruter og på stadar med kompliserte forhold (ver, fjell og redning) har vore føreslege i fylket. Tryggleik, kultur- og naturverdiar, landskapsverdiar og grad av inngrep er de viktigaste omsyna å få fram, samt at anlegga må handsamast etter plan- og bygningslova.

FNF samarbeider med fylkeskommunen og idrettskrinsen om å halde revisjonsmøte i kommunane som reviderer sine planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Møter på kvelds- og dagtid for å nå ulike grupper, med mål om å bidra til auka medverknad, samarbeid, betre planverk for tilrettelegging for auka fysisk aktivitet i kommunane.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i kommunane. Koordinator har helde oppstartsmøter med metodekurs og innføring, og vore med på oppfølgingsmøte/arbeidsmøte i kommunane som startar og driv med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunen, samt anna oppfølgingsarbeid. Deltaking på fagsamling hjå Miljødirektoratet i Trondheim.

Marin ureining og avrenning til vassdrag, fjord og kyst har hatt merksemd, og særleg manglande sikker handtering av gummigranulat. FNF sendte brev til alle kommunane og fotballkrinsen, samt fylkeskommunen som gjev spelemidlar til baner med gummigranulat. Fotballkrinsen har starta arbeid med kurs og opplæring for å betre sikker handsaming, fylkeskommunen vil vurdere og oppmoda om bruk av sand der dette kan fungere, som erstatning for gummigranulat. Berre fem av 24 kommunar svarte og gjorde reie for sin handtering, krav og avløp kring banar. Saka fekk merksemd i media.

FNF sendte brev til alle kommunane med oppmoding om å vedta eigne føreskrifter for vasskuterar, med utfyllande informasjon. Saka fekk og noko mediedekning. Koordinator tok og opp dette i eit innlegg for kommunen på fylkeskommunal samling om fysisk aktivitet, som ein av fleire utfordringar for friluftslivet.

Dette året har langt færre kraftutbyggingssaker, berre 5 småkraftsaker og 3 større vasskraftsaker har vore på høyring. Elles arbeid med nye kraftliner og nye vilkår, samt vilkårsrevisjon av eldre vasskraftanlegg og vindkraft. Organisasjonane har samla sett levert inn fråsegn til alle, anten aleine eller i samarbeid med andre organisasjonar og FNF. Ein stor eldre konsesjon har vorte fornya og arbeid med nye vilkår har starta. Dette gjeld Hydro sitt anlegg Grandfasta i Fortun i Luster. Her har det og vore mykje engasjement

og i tillegg arbeid knytt til ein sær sars kontroversiell konsesjonssøknad til Øyane elvekraftverk og Hydro sine kommentarar til OED ang denne. Nye vilkår har vore på høyring hjå NVE i høve ny konsesjon. Samtlege synfaringar knytt til desse sakene har hatt deltaking frå organisasjonane og/eller FNF i samarbeid.

Største og mest kontroversielle vasskraftsøknad i Gjengedalselva er enno ikkje avgjort og det er søkt om møte i OED om denne.

Vi har hatt godt samarbeid med andre FNF.

FNF har vore representert i fylket sitt Forum for fysisk aktivitet.

Organisasjonane og FNF har delteke på dialogmøte og arbeidsverkstader knytt til regionalt planarbeid og gitt innspel til planprosessane.

FNF har gitt innspel til høyring og organisering av regional plan for kultur og tilpassing til samanslåing med Hordaland og deira plan for Kultur, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Organisasjonane og FNF, samt villreininteresser, klaga eit vedtak inn til Miljødirektoratet i høve brudd på verneforskrifter og omsynet til villreinstamma i området. Vi fekk medhald på alle punkt, men saka vart urett ei stor belastning for koordinator spesielt, i høve manglande gode rutinar og kommunikasjon i ein skilde organisasjonar. Profesjonell handtering av sakene i eit demokratisk system er ei føremon for alle impliserte. Styringsdokument for FNF har vore følgt i alle saker og i alt arbeid gjennom også dette året.

Vassforvaltninga på vassregionnivå, der er FNF, SFT, NVF og NJFF med i referansegruppa for SF Vassregion. Det har vore ein regional fagsamling i år i Førde, der fleire organisasjonar og FNF deltok.

Fylkeskommunen og FNF med organisasjonar hadde fleire drøftingsmøte i løpet av året med ny leiing og nye kontaktpersonar i FK, avd. næring og kultur der ansvar for friluftsliv no ligg. Det vart utvikling i dialogen over tid.

FNF har søkt og fått midlar hjå Miljødirektoratet til å koordinere og støtte arrangementa i Friluftsmoro 2017, og frå Norsk Friluftsliv i høve Friluftslivets veke for koordinering og til friluftspolitisk arbeid. FNF arrangerte natur- og friluftsfagleg seminar i høve fellesmøtet i Kalvåg i Bremanger, med mange sær gode og lærerike innlegg.

HØYRINGSFRÅSEGNER

FNF har levert følgende 16 fråsegner i 2017 (24 i 2016):

Kommunale, fylkeskommunale planar og vassregion:

Kommunale planar:

- 17.01.2017 Førde kommune/Nordplan: Merknad til planarbeidet med detaljreguleringsplan for Digernes hytte- og bustadområde. FNF, NOF, SFT, NVF.
- 31.01.2017 Bremanger kommune: Klage på manglanda innsyn i offentlig saksgang FNF, SFT, NVF.
- 31.01.2017 Stryn kommune: Høyringsfråsegn til kommunedelplan langesund – Stryn – Storesunde i 2. høyringsrunde i stryn. FNF, NOF, NVF
- 23.02.2017 Aurland kommune: Innspel til vilkårsrevisjon Aurlandsvassdraget gjeldande landskap- og friluftslivinteresser, fisk/fiske og naturmangfold, NVE/Aurland kommune FNF, SFT, NVF.
- 17.08.2017 Sogndal kommune: Merknad til oppstart av planarbeid på Hagestrondi, Fimreite i Sogndal kommune. FNF, SFT, NOF, NVF.
- 08.11.2017 Luster kommune: Innspel til offentlig ettersyn av plandokument samfunnsdelen til kommuneplan for Luster, NOF, NVF, SFT, NJFF, Sognefjorden Vel.
- 22.11.2017 Lærdal kommune: Lærdal - detaljreguleringsplan for flaumsikring av Lærdalsøyri. Kunngjering av oppstart, FNF, NVF, NOF.
- 07.12.2017 Flora kommune: Guleslettene industriområde - Innspel til Flora kommune og bystyret samband med godkjenning av MTA. FNF, SFT, NVF. i

Fylkeskommunale planar:

- 30.11.2017 SFFK: Innspel til Planprogram for kultur for Sogn og Fjordane, frå FNF, NVF, SFT, Forbundet Kysten lokallaga, NJFF.

Vannkraft:

- 23.10.2017 NVE: Høyringsfråsegn til planendringssøknad for Bergselvi i Luster, frå Blåfall AS. FNF, SFT, NJFF, NVF.
- 14.07.2017 OED: Tilleggsfråsegn til handsaming av søknad frå SFE produksjon om bygging av Gjengedal kraftverk i Gloppen. For SFT v/ FNF.

Vannkraft/Vilkårsrevisjon:

- 23.02.2017 NVE: Innspel til vilkårsrevisjon Aurlandsvassdraget gjeldande landskap- og friluftslivinteresser, fisk/fiske og naturmangfold, NVE/Aurland kommune FNF, SFT, NVF.

Vindkraft:

- 07.12.2017 Flora kommune: Guleslettene industriområde - Innspel til Flora kommune og bystyret samband med godkjenning av MTA. FNF, SFT, NVF. i

Kraftlinjer:

- 21.06.2017 NVE: Høyringsfråsegn til tilleggssøknad, justert søknad til 132 kV Dalsbotnfjellet – Frøyset, FNF, NJFF, SFT, NVF

Brev til kommunane:

- 20.02.2017 Kommunar, SFFK, SFFM, Fotballkretsen i SF: Gummigranulat i kunsgrasbaner. FNF Alle org.
- 26.09.2017 Vasskuter, brev til kommunane, FNF.
- 06.10.2017 Thrustme, motorisert ryggsekk.

FNF har levert 16 fråsegrer for organisasjonane og frå FNF i 2017 mot (24) i 2016.

FNF har ytt organisasjonane tilskot, frå midlar som er tildelt frå fylkeskommunen og frå eigenkapital, slik at representantar frå organisasjonane har hatt mogelegheit til å delta på faglege samlingar/seminar, folkemøte og synfaringar.

MØTER, FOLKEMØTER og SYNFARINGAR, REPRESENTASJON og KURS

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
04.01	Møte FK, Leikanger, kartlegging og verdsetting friluftslivsområde	Elisabeth, Lars Grøteide, Jo Tore Kristoffersen
09.01	Møte FK, Leikanger, planlegging revisjonsmøter kommunane	Elisabeth, Atle, Anne, Sissel
10.01	FNF Styremøte på Skei, Jølster	Elisabeth , FNF styret
18.01	Møte mellom FK Næring&Kultur og Fnf organisasjonar	Elisabeth , FNF styret, Marit x 2, Sigmund, jan Heggheim, Sissel, Ingebjørg Erikstad
19.01	Styremøte i Sognefjorden Vel, Sogndal Campus	Elisabeth,
25.01	Skypemøte FNF om rekneskap	Elisabeth, alle FNF koordinator + DL
25.01	Sogndal kommune, oppstartsmøte kartlegging/verdsetting friluftsliv	Elisabeth, arbeidsgruppa i K
26.01	Aurland kommune, formannskapsmøte, revisjon Aurlandsvassdraget	Elisabeth, Sogn Villaksråd
28.01	SFT Årsmøte på Skei, FNF gjest	Elisabeth FNF,
02.01	Vik kommune, oppstartsmøte kartlegging/verdsetting friluftsliv	Elisabeth, Jo Tore, arbeidsgruppa i K
15.02	Sogndal kommune, arbeidsmøte kartlegging/verdsetting friluftsliv	Elisabeth, arbeidsgruppa i K
16.02	Styremøte i Sognefjorden Vel, Sogndal Campus	Elisabeth FNF,
27.02	FNF Skypemøte	Elisabeth,
28.02	Gloppen, Seminar: Statleg sikring av friluftsområde	Elisabeth , FK, FL, NF m.fl
02.03	Møte DL FNF, medarbeidersamatle	Elisabeth, Ragnhild
02.03	FNF Årsmøte i Førde	Elisabeth, Sigurd, FNF styret m.fl, DL FNF
06.03	Jølster kommune, Kartleggingsmøte folkemøte	Elisabeth, arbeidsgruppa i K, medverknad
09.03	Flora kommune, oppstartsmøte kartlegging/verdsetting friluftsliv	Elisabeth, Jo Tore, arbeidsgruppa i K
13.03	FNF medarbeidersamtale Skype	Elisabeth synleg, Ragnhild DL usynleg
14.03	FNF Skypemøte alle	Elisabeth FNF + DL FNF
21.03	Møte FK, idrett, FNF, Evalueringsmøte revisjonsmøter i Førde	Elisabeth FNF, Atle FK, Anne idrettskrinsen
22.03	Sogndal kommune, Kartlegging verdsetting friluftsliv, områdetyper	Elisabeth FNF, arbeidsgruppa i K
23.03	FK, Kulturkonferansen i Førde	Elisabeth FNF,
25.03	Førde, Årsmøte Naturvernforbundet, FNF gjest	Elisabeth FNF, NVF
25.03	Førde, Plastseminar om plastreining, Naturvernforbundet	Elisabeth FNF,
27.03	Oslo, SRN Frokostmøte – FNF-samling Gardermoen	Elisabeth FNF, Marino/Ron SFT
28.03	Gardermoen FNF-samling	Elisabeth FNF,
29.03	Gardermoen, Oslo FNF-samling	Elisabeth FNF,
03.04	FK Leikanger Møte kartlegging/verdsetting friluftsliv kart	Elisabeth, Jo Tore, kommunar
03.04	Stryn kommune, oppstartsmøte kartlegging/verdsetting friluftsliv	Elisabeth, arbeidsgruppa K
03.04	Styremøte og Årsmøte Sognefjorden Vel, Sogndal Campus	Elisabeth FNF
20.04	Bergen, DNT Vest-møte Naturvern	Elisabeth FNF, Marino SFT, DNT

24.04	FK Leikanger, Askvoll kommunedelplan, revisjonsmøter koordineringsmøte	Elisabeth FNF, SFFK, Anne Idrett,
25.04	Klimaomstillingkonferansen VF, FM, FK, NVE, HVL, St.VV, Sogndal	Sigurd FNF
26.04	Klimaomstillingkonferansen VF, FM, FK, NVE, HVL, St.VV, Sogndal	Sigurd FNF
26.04	Møte FOU Fleirbruksprosjekt i utmark, Heggmyrane, Luster	Elisabeth FNF
26.04	Sogndal K, kartlegging arbeidsmøte kveld	Elisabeth, arbeidsgruppa i K
02.05	FNF Skypemøte alle 09.00 - 10.00	Elisabeth FNF,
02.05	Videomøte FK, Eid K, Idrett , FNF 10.00 – 11.00	Elisabeth, FK Atle, I Anne og Eid K
02.05	Leikanger kommune, oppstartsmøte kartlegging/verdsetting friluftsliv	Elisabeth, arbeidsgruppa i K
03.05	Trondheim, Miljødirektoratet, nettverkssamling Kartlegging og verdsetting friluftslivsområde	Elisabeth FNF
05.05	Stryn synfaring Sunndalssetra klagesak, Miljødirektoratet	Ron SFT, Erik NVF, Elisabeth FNF/NJFF
09.05	HVL Sogndal, Konferanse Idrett, fysisk aktivitet og folkehelse	Elisabeth ?
10.05	FNF Styremøte, Skei i Jølster	Elisabeth, Sigurd FNF, Styret FNF SF
18.05	FK Videomøte FT-sak tildeling løysemiddelskadar 2017	FK Atle, Idrett Anne, FNF Elisabeth
18.05	Styremøte Sognefjorden Vel, Sogndal Campus	Elisabeth FNF
06.06	FNF Skypemøte alle	Elisabeth FNF,
19.06	OED Gjengedalen synfaring, Mjellem Gjengedalsfossen	Elisabeth, Erik NVF, Alvar, Ron, SFT, FM m.fl
20.06	OED Gjengedalen synfaring Gjengedalselva - Storebru	Elisabeth, Erik, Alvar, Ron, Lennart, FM
21.06	Sogndal kommune, møte områdereg.plan Hodlekve	Elisabeth FNF, Marino SFT/SoT
14.08	FNF Styremøte, Skei i Jølster	Elisabeth, Sigurd, FNF, Styret FNF SF
23.08	Førde, FK Regional plan for kultur, dialogmøte	Elisabeth FNF,
23.08	Førde kommune, Folkemøte om Indre Øyrane	Elisabeth,Marit/Erik NVF Alvar SFT ØyvindSKK
26.08	Voss, Vassdragsvern og flom, seminar (FNF, NVF, Voss utferdsl.)	Elisabeth FNF,
06.09	Førde, Friluftspolitisk bålkonferanse FNF, Sunnfjord Folkeh.sk	Elisabeth, Sigurd FNF, SFFK, Idrett, kommunar
13.09	Førde, møte Strategisk plan for kysten, temagruppe	Elisabeth FNF, SFFK, Idrett, kommunar
14.09	Styremøte Sognefjorden Vel, Sogndal Campus	Elisabeth ?
18.09	Sognefjellshytta Møte i Rådgevinge utval Jotunheimen/Utladalen NP-styre og LV	Elisabeth FNF SF, Ole Morten FNF O
19.09	FNF-samling Gardermoen	Elisabeth FNF, Marino, Ron SFT
20.09	FNF-samling Gardermoen	Elisabeth FNF, Marino Ron SFT
27.09	Bergen, Vassdrags- og restaureringsseminar Tekna	Elisabeth FNF
28.09	Bergen, Vassdrags- og restaureringsseminar Tekna	Elisabeth FNF
03.10	Førde, Vassregion SF Temaseminar + referansegruppa	Elisabeth FNF, Alvar SFT, Asbjørn SFj Vel
04.10	Florø, møte temagruppe areal + kunnskap, Strategisk plan for kysten	Elisabeth FNF, FM, FK. Fiskeridir., m.fl Nordplan
04.10	Førde, Vassregion SF Temaseminar + referansegruppa	Elisabeth FNF,
16.10	Styremøte Sognefjorden Vel, Sogndal Campus	Elisabeth FNF
17.10	FNF Skypemøte	Elisabeth FNF
17.10	FNF Styremøte, Skei i Jølster	Elisabeth , Sigurd FNF, Styret FNF SF
18.10	Skei, FK + kommunane, Samling rullering handlingsprogram reg.plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, FNF-innlegg	Elisabeth FNF
02.11 (01.11)	Trondheim, Miljødirektoratet Friluftsliv fagsamling FK, FM, FNF,	Elisabeth FNF
03.11	Trondheim, SABIMA vannforvaltningsseminar, organisasjonar	Elisabeth FNF
07.11	FNF Skypemøte 09.00	Elisabeth FNF
07.11	Møte FK-huset Forum for fysisk aktivitet	
08.11	Skype, DNT-Vest møte Naturvern Bergen	FNF Elisabeth + Marino SFT

23.11	Styremøte i Sognefjorden Vel, Sogndal Campus	Elisabeth FNF,
24.11	FK Leikanger Møte Plansjef utveksling orientering pplanar, prosjekt arbeid	Elisabeth FNF, Synnøve Stalheim SFFK
30.11	Skjolden, NVE Folkemøte Vilkår Grandfasta-Fortun Hydro	Elisabeth FNF, Olav Andreas Hermansen LJF, Torunn Løne Vinje Fortidsminneforeningen
01.12	Kalvåg, Bremanger FNF Fellesmøte Seminar Natur&friluftsliv	Elisabeth, Sigurd, Marino Alvar, Erik, Ron m.fl
02.12	Kalvåg, Bremanger FNF Fellesmøte Seminar Natur&friluftsliv	Elisabeth, Sigurd, Marino Alvar, Erik, Ron m.fl
04.12	Oslo DNT konferansen Friluftsliv for en grønnere framtid	Marino, Astrid SFT
05.12	FNF Skypemøte	Elisabeth, FNF
11.12	HVL Sogndal Campus, Seminar om Miljøforhold i Ikjefjorden	Sigurd, Elisabeth FNF, Torbjørn, Marianne Sfj Vel, FK vassregion Indre Ytre Sogn
14.12	Førde, FK Næring&Kultur, Dialogmøte om avtaler/samarbeid/søknadar grunnstøtte + utviklingsavtaler	Elisabeth, Sigurd FNF, Marino SFT/FNF, Marit x 2, Sigmund NVF, Reidun SS NJFF, SFFK x4 mfl

Styrings- og referansegrupper

Emne	Stad og aktivitet	Deltakarar
Nasjonalpark	Jotunheimen nasjonalpark rådgivande utval	Jørgen Bruheim/Olav Kjell Moen SFT, Vidar Moen NJFF (FNF)
Nasjonalpark	Rådgivande utval for Jostedalsbreen	Alvar Melvær, SFT og Jon Farestveit, NVF
Reg.plan Fysisk aktivitet / Folkehelse	Referansegruppe Forum for fysisk aktivitet, arbeidsverkstader,	Elisabeth Dahle FNF
Gruveutvalet NVF	Gruveutvalet i Naturvernforbundet	Anne Line Thingnes Førund, NVF
Villrein		Olav Andreas Hermansen LJF
Landskapsvern	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, Referanse/arbeidsgruppa	Erik Solheim NVF
Landskapsvern	Fylkesmannen, Ålftobreen landskapsvernområde, forvaltningsplan	Alvar Melvær SFT
Landskapsvern	Breheimen nasjonalpark rådgivande utval	Tom Ording Dahl, NVF Oppland
Landskapsvern	Jotunheimen og Utladalen nasjonalpark, rådgivande utval	Vidar Moen ÅJF, Olav Kjell Moen SFT
Regional plan fysisk aktivitet, idr., friluftsliv	Administrativ Arbeidsgruppe/Forum FIF, SFFK Førde/Skei/Sogndal	Elisabeth Dahle, FNF
Vassregion Sogn og Fjordane	Referansegruppe, regional	Elisabeth Dahle FNF, Thorleif Jakobsen, NVF og Alvar Melvær, SFT, Reidun Seim Solberg, NJFF, Asbjørn Massnes SFj Vel
Vassområde Ytre Sogn	Referansegruppa	Leiv Henriksbø, NVF, Ron Overdevest SFT, Rolf Tveit, Høyanger JFL
Vassområde Sunnfjord	Referansegruppa	Lin Hjelmeland Finjord, NVF, Alvar Melvær, SFT, Halvard Hovland FloraJFF
Vassområde	Referansegruppa	Jon Farestveit, NVF, Vidar Moen ÅJF, Olav

Indre Sogn		Hermansen LuJFL, Elisabeth Dahle FNF, Jørgen Bruheim, SFT, Bjørn Vike, Sogn Villaksråd, Morten Jacobsen, Vik/NJFF
Vassområde Nordfjord	Referansegruppa	Thorleif Jakobsen, NVF, Halvard Hovland FloraJFF,

INFORMASJON

FNF i media 2017

FNF Sogn og Fjordane har 41 (40) treffpunkt på Opoint si medieoversikt 2017 (2016) i media:

13.januar	Nei takk til Lorelei-forlis, Firdaposten avisinnlegg NVF, SFT, FNF.
01.februar	Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder, Sogndal kommune.
03.februar	Revisjon av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, Askvoll kommune.
06.februar	Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i Vik kommune, Vik kommune.
20.februar	Kritisk til klatrerute, NRK.
20.februar	Mener klatrerute vil ødelegge verdien, Fjordenes Tidende.
21.februar	Kritiske til via ferrata på Hornelen, Fjordenes Tidende.
22.februar	Kunstgrasbaner er ei giftkjelde, Sogn Avis.
22.februar	Nei til frislepp av vasskuterar, Firda framsida.
23.februar	Nei til frislepp av vasskuterar, Firda.
24.februar	Vil ikkje ha Via ferrata, Fjordingen.
24.februar	Gummigranulat ureinar naturen, Ytre Sogn Avis.
24.februar	Dette er eit miljøproblem – ber kommunane ta ansvar, Porten.
25.februar	Ikkje granulat i avløpet, Sogn avis.
25.februar	Tek grep for å hindra plastforureining, Kretsen tilbyr kurs, Har konkrete tiltak, Ser på alternativ, Sogn Avis.
26.februar	Meiner turløypeanlegg på heksefjellet er noko fandenskap, Firda
03.mars	Uttrykkjer bekymring for spreing av granulat, Fjordingen.
09.mars	Slik hindrar Sjur og Gloppen ureining frå kunstgraset, Firda.
11.mars	Gummigranulat, kunstgrasbaner og miljø, Firda.
11.mars	Sjur hindrar ureining, Firda.
14.mars	Åtte revisjonskrav Aurland, Sogn Avis.
15.mars	Ansvarleg handtering av gummigranulat, kunstgrasbaner og miljø, Firda Tidende.
21.mars	Åtte revisjonskrav, Ytre Sogn Avis.
03.mai	Samling om idrett og friluftsliv, Fjordabladet.
01.juli	Solheim: Det var aldri kommunale pengar, Sogn Avis.
14.juli	Får ikkje bygge DNT-hytte, Fjordingen
25.august	Utfordrar alle til å sova ute, Sogn Avis forside.

- 28.august Utfordrar alle til å sova ute, Sogn Avis.
29.august Vi ha folk til å sove ute, Fjordenes Tidende.
29.august Inviterer til feiring av friluftslivet, ytre Sogn Avis
31.august Inviterer til feiring av friluftslivet i Sogn og Fjordane, Firda.
01.september Endringar i tilskott til friluftsanlegg, Ytre Sogn Avis
02.september Laurdag startar friluftslivets veka – vil ha sogningar ut, Sogn Avis
13.september Tursti til ny behandling, Sogn Avis
14.september Alle elsker naturen, men usamde om bruk, Firda avisinnlegg FNF
16.november Justerer prioriteringa av spelemidlar, SFFK nett
21.november Justerer prioriteringa av spelemidlar, Ytre Sogn Avis
25.november Friluftslivsseminar i Kalvåg, Firda
28.november Her skal de samle seg om friluftslivet, Fjordenes Tidende
08.desember Reagerer på nye planar, Fjordenes Tidende lesarinnlegg NVF, SFT, FNF
13.desember Fjordklassifisering må tuftast på reel måling, Sogn Avis.

FNF Sogn og Fjordane på facebook:

<https://www.facebook.com/Storen2405/>

FNF Sogn og Fjordane heimeside:

<http://www.fnf-nett.no/12319.2000.SognogFjordane.html>

ARRANGEMENT

FNF har i året arrangert FNF sitt årsmøte i Førde.

FNF har koordinert satsinga Friluftsmoro 2017 med søknad til SFFK via Miljødirektoratet sitt søknadssenter, med koordinering av informasjon til og mellom organisasjonane som deltek og med annonsering i sosiale media og anna media. Dette er opne fellesarrangement som ulike organisasjonar samarbeider om rundt om i fylket i ein periode i mai.

FNF har i samband med Friluftslivets veke 2017 arrangert Natur- og friluftspolitisk Bålkonferanse i Førde og koordinert annonsering av alle aktivitetar og arrangement som organisasjonane står for.

FNF har arrangert fellesmøte, eit fagleg seminar/konferanse om natur, havureining, forvaltning, friluftsliv og reiseliv; marin ureining og opprydding, nedbygging av natur, forvaltning og maktfordeling, politiske system og energiutbygging, friluftsliv og reiseliv, kystkultur og aktivitet frå lokallaget, i Kalvåg i Bremanger. Seminaret heldt høg fagleg kvalitet og gav mykje ny kunnskap, og vart kjelde til nye samarbeid mellom organisasjonar og frammøte personar.

ANNA SAMARBEID

Vi har i løpet av året hatt samarbeid med organisasjonar som ikkje er tilslutta FNF:

Solund Kulturlandskapsark/»Fjordkysten friluftsråd» arbeidsgruppe – Fjordkysten Friluftsråd

MDG ved Stein Malkenes, FT
Sogn Villaksråd
Sunnfjord Kajakklubb SKK
Go'kajak
4H
Røde Kors S&Fj
Orienteringskrinsen
Sognefjorden Vel

3. Organisatorisk

TILSLUTNINGSERKLÆRINGAR

Desse organisasjonane har signert erklæring:

- Sogn og Fjordane Turlag
- Forbundet Kysten, 6 lokale kystlag ved Kystlaget Hornelen
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- NJFF Sogn og Fjordane
- Fortidsminneforeininga i Sogn og Fjordane
- Norges Speiderforbund Sogn og Fjordane
- Klatreklubbane i fylket, 6 klubbar/miljø ved Sogndal klatreklubb
- Norsk Ornitologisk Forening NOF avd Sogn og Fjordane
- Gloppen Padleklubb
- Sogndal Dykkarklubb

ARBEIDSUTVAL/STYRET

På årsmøtet 02.03.2017 vart dette arbeidsutvalet (med varamedlemar) oppnemnd av organisasjonane:

Norges Jeger- og Fiskerforbund – Bjarne Borgfinn Huseklepp
vara - Alf Erik Røyrvik
Sogn og Fjordane Turlag - Marino Ask
vara – Ron Overdevest

Naturvernforbundet - Sigmund Flaten
vara - Marit Vøien Nes

Kystlaget Hornelen for Kystlaga - Lars Olav Rylandsholm

Sogndal klatreklubb for klatreklubbane/miljøa – manglar no representant
Fortidsminneforeningen og NoF avd S&FJ har ein open plass i AU, men har ikkje kapasitet til/ønske om å delta/stille medlem i AU.

Marino Jan Ask har halde fram som leiar i styret, etter Lars Olav Rylandsholm.
Styret har hatt 4 fysiske styremøter, årsmøte, fellesmøte og jobba via epost og telefon.

ADMINISTRASJON

Sogn og Fjordane har sidan 2010 hatt 100% koordinatorstilling.

Elisabeth Dahle har vore tilsett som FNF-koordinator i 100% stilling, med 10 % permisjon i 2017.

Sigurd Felde har vore tilsett i 50 % stilling som prosjektkoordinator i FNF SF. Prosjektstilling i 50% er knytt til ein utviklingsavtale med SFFK frå 2013-2015 og restmidlar frå denne har gitt tilsetting i 2017.

Tilsetting har vore utsett grunna virksamhetsoverdraging i FNF-systemet. Hausten 2016 vart ny prosjektkoordinator tilsett med arbeidsstart 1.1.2017.

Einar Skram Husabø har vore innleigd på timebasis i knappe ca 5 % stilling knytt til føring av rekneskap i FNF.

Anna:

Virksamhetsoverdraginga til FNF medførte periodevis ekstra arbeid og fokus vekk frå det ordinære FNF-arbeidet, omlag nokre veker totalt i 2016 og 2017.

Kontorlokale:

FNF har kontorlokale i Leikanger Næringshage med kontoradresse Sognefjordvegen 40.

Koordinator har og høve til å heimekontor inntil 2 dagar pr. veke grunna reising.

Arbeidsgjevaransvar:

FNF nasjonalt har arbeidsgjevaransvar med tilsett dagleg leiar i 100 %.

ÅRSMØTE

Årsmøtet vart halde 02.03.17 på Sunnfjord Hotel og 13 deltakarar møtte.

Sogn og Fjordane Turlag 3 deltakar.

NJFF Sogn og Fjordane 2 deltakar.

Naturvernforbundet 4 deltakar.

Fortidsminneforeningen 1 deltakar felles med NVF.

Kystlaga 1 deltakar.

FNF 2 koordinator, prosjektkoordinator.

Gjest Ragnhild Angaard, dagleg leiar FNF nasjonalt 1 deltakarar.

Tema:

Årsmøtet godkjende innkalling, sakliste, årsmelding og rekneskap, peika ut representantar til styret, godkjende årsplan, 4-års plan og strategiplan, plan for kommunikasjon, budsjett og standardvedtekter for

FNF. Marit Bendz fylkessekretær i Naturvernforbundet i fylket orienterte om arbeid og prosjekt i høve plast og marin ureining.

FNF nasjonalt ved Ragnhild Angard hilste til årsmøtet.

Referat er sendt ut og ligg også på nettsida.

Bålkonferanse – Politisk debatt i Førde på Sunnfjord Folkehøgskule 6.september

Tema var «Natur og friluftspolitikk i Sogn og Fjordane – bruk eller forbruk?» Kva vil med den storslåtte naturen i fylket vårt. Og vi retta merksemda mot tilrettelagt friluftsliv og tilgangen til urørt og inngrepsfri natur.

Bålsjef: Håvard Sandal Høyvik frå SFT Ung var ordstyrar og konferansier og gjorde ein kjempegod jobb. Hans Jakob Reite vart og leigd inn som kulturelt innslag/medhjelpar. Dei to ilag fungerte godt.

Politikarar frå følgande parti deltok:

Venstre: Gunhild Berge Stang, Høgre: Olve Grotle, Senterpartiet: Erlend Haugen Herstad, MDG:

Marius Dalin, Arbeidarpartiet: Helge R. Midtbø, Raudt: Ingunn Kandal.

Spørsmål til panelet og diskusjon rundt bålet. Vi skrev innlegg til avisene trykt i Firda 14.09.17.

FELLESMØTE, i KONFERANSEFORM

Fellesmøtet vart halde 01. - 02.12 i Kalvåg i Bremanger, på Knutholmen med 22 deltakarar

Program fredag 1. desember

17:00 Registrering, mingling og mat

18:00 velkommen, mat te/kaffe

Styreleiar Marino Ask / Koordinator Elisabeth Dahle, Sigurd Felde FNF

18:10 Eigeomsrett, råderett og allemannsrett

Ketil Skogen, sosiolog/forskar - NINA

Spørsmål, diskusjon

18:40 Havjakt – In the same boat, Opprydding av marint søppel, prosjekt og byråkrati

Børje Møster, In the same boat / Havjakt

- Historier og film fra Norgeshistoriens største ryddeoperasjon

- Erfaringer og betraktninger om utfordringene vi har hatt, byråkrati, ansvar og løsnings

19:30 Mikroplast = plankton, maten er søppel, kva gjer systemet og vi?

Rolf-Ørjan Høgset, FutureLab, Mikroplast = plankton, maten er søppel, kva gjer vi?

- Mikroplast - mye vanskeligere og farligere enn det forskningen har turt å si høyt...!

- Hvordan engasjere publikum og spre kunnskap, motivasjon og holdningsendringer om noe

nytt og «usynlig»?

- Hvordan promotere ideelt arbeid i den stadig større jungelen av kommersielle budskap?

- Kan ideelt arbeid kommersialiserast?

- Hvordan nå ut med naturverdier og friluftsliv i konkurranse med Hollywood og realityTV?

20:40 Fjordkysten Friluftsråd

Presentasjon, prosjekter, samarbeid

Bjarte Engevik, dagleg leiar

21.00 Middag og sosialt samvere

Selskapsmeny frå havet av dagens fangst, 3 rettar

Program laurdag 2. desember

09:00 Lokale Kystlag Kalvåg og Hornelen Kystlag

Presentasjon av Forbundet Kysten, lokal aktivitet

Lars Olav Rylandsholm, Hornelen Kystlag/ Arvid Langeland, Kalvåg Kystlag

09:20 Kystlandskapet vårt, ned- og utbygging, samla inngrep i nyare tid

Jon Anders Stavang, Naturvernforbundet / Fylkesgartnar

09:45 Utanlandsinvesteringar i norske vindkraftanlegg

Sveinulf Vågene, DNT Vest, geolog

10:15 Kystlotteriet – inspirasjon som monner

Janne Bareksten, Kystlotteriet / Nomil

10:30 Pause. Beinstrekk med frukt

Utsjekkning

10:45 Berekraftig, naturbasert reiseliv

Eivind Brendehaug, Vestlandsforskning

11:20 Aktivitetslek, Miljøengasjement og Eventyrlyst

Markus Wegge, Brødrene Wegge, Lofoten

12:20 Pause

12:30 Gruppearbeid, kva kan vi i organisasjonane og som enkeltmenneske bidra med?

Diskusjon og gruppearbeid, arbeid og satsing framover

- innspel til politikarar og byråkrati, kva kan (må) de bidra med ?

13:20 Lunsj, varm og dessert

Heimreise

4. Økonomi

FNF nasjonalt dekker 80 % av lønna til koordinator og gir noko tilskot etter søknad. Sogn og Fjordane fylkeskommune gav tilskot til drifta av FNF. Økonomien i organisasjonen er noe svekka grunna lægre tilskot frå FNF enn tidlegare år og gjekk såleis med eit underskot i 2017 på kr 118 746.

TILSKOT – 2017

	Tilskot	Type
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	180 000	Grunnstøtte/driftsstøtte
Norsk Friluftsliv	50 000	Friluftslivets veke
SFFK – Miljødirektoratet friluftsliv, aktivitet	87 500	Friluftsmoro 2017
SFFK – Miljødirektoratet friluftsliv, aktivitet	78 750	2016, utbetalt 2017
Andre inntekter SFFK, koordinering prosjektarbeid	89 499	Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde
	435 749	
FNF nasjonalt – mva refusjon	31 611	mva-refusjon
Sum alle tilskot	467 360	

Revisor er Alvar Melvær, Førde for 2017.

Leikanger, februar 2018
FNF Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle
koordinator